

Høyringsuttale Elektrifisering av Tampen

Dyrstadhalvøya er overbelasta med industri, og ein må ikkje gå seg inn i villfarelsen om at nye inngrep og installasjonar på halvøya kjem «i skuggen av» eksisterande inngrep; dei kjem i tillegg. Området har allereie nådd tolegrensa for inngrep, og framtidig drift av steinbrotet på Sætrefjellet vil påverke området ytterlegare i negativ retning. Fleire inngrep no, for etablering av landstasjon av betydeleg størrelse på Sætrefjellet, og nytt luftspenn i fjellet langs heile Dyrstadhalvøya, vil vere svært øydeleggjande.

Eksisterande registreringar for friluftsliv ser ut til å vere mangelfulle. På kartet vist i «Figur 7-1 Oversikt over registrerte friluftsinteresser langs meldte traséalternativ med tilknytning Ålfoten/Hennøy TS og landtak ved Meringsneset/Djupvika» er det på Dyrstadhalvøya merka av eit lys rosa areal kategori «Registrert Friluftsområde». Dette området ser ut til å ha havna i feil kategori. Samanliknar ein med kategorisering av friluftslivsområder i fjellområda sør for Svelgen, ser kategori «**viktig friluftslivsområdet**» meir ut til å kunne samsvare. Det går ein tursti frå Svelgen via Hennøysetera til Hennøystranda. Hennøysetera med et titals hytter og sel, er eit særskild viktig område for friluftsliv / rekreasjon. Alle fjellvatna på Dyrstadhalvøya vert nytta til sportsfiske (med unntak av dei som er påverka av industri), og der er rikt antall turstiar i området, i tillegg til stien mellom Svelgen og Hennøystranda, spesielt på den austlege delen av halvøya. Dette må takast med i vurderingane.

Utover det at Hennøysetera er eit viktig friluftslivsområde, har setera kulturhistorisk verdi, og inngrep som måtte bli synleg frå setera, eller som påverkar miljøet her på andre tenkelege måtar, er ikkje akseptabelt. Dersom planlagde inngrep / installasjonar vil kunne verte synlege frå Hennøysetera, ynskjer eg dette visualisert, då med utgangspunkt i bygning på Hennøysetera koordinat 1.79677°N 5.24645°Ø

Førde, 27.03.25

Eli Karin Rise
Grunneigar Gbnr 76/8 Bremanger